



Arkivnr: 2019/2638-2  
Saksbehandlar: Tor Andreas Titlestad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		21.05.2019
Fylkesutvalet		29.05.2019

## Høyring - Langtidsplan for pilegrimssatsing 2019 - 2037

### Samandrag

Kystpilegrimsleia har vore utvikla som prosjekt i perioden 2014 til 2018 av fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Trøndelag saman med dei fire bispedømme Rogaland, Bjørgvin, Møre og Nidaros. Prosjektet har vore støtta av Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram.

I 2017 vart Kystpilegrimsleia godkjend som nasjonal pilegrimslei under Nasjonalt Pilegrimssenter. For 2019 har Riksantikvaren gjeve støtte til ei vidareføring av prosjektet med mål om å finne fram til ei permanent organisering av Kystpilegrimsleia. Kystpilegrimsleia fase 2 er finansiert med kr 500.000 frå Riksantikvaren og kr 100.000 frå kvar dei fem fylkeskommunane. På vegne av dei 5 fylkeskommunane har Hordaland fylkeskommune teikna avtale med Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider/Nasjonalt Pilegrimssenter for prosjektleiinga av fase 2 for heile 2019.

Prosjektet har ei styringsgruppe som består av ein politisk representant frå kvar av fylkeskommunane og ein representant frå bispedømme.

Nasjonalt pilegrimssenter (NPS) har sidan 2012 leia arbeidet med den statleg finansierte pilegrimssatsinga. Fram til 2016 var NPS ein del av Riksantikvaren, organisert under Klima- og miljøverndepartementet. I dag er NPS ei avdeling i Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider (NDR), organisert under Kulturdepartementet.

For å vidareutvikle tilrettelegginga av pilegrimsledene og tilbodet til pilegrimane, har Kulturdepartementet gitt NDR i oppdrag å utarbeide en ny langtidsplan. NDR har bedt Nasjonalt pilegrimssenter utarbeide eit konkret forslag og sende dette på høyring.

I prosjektomtalen er mandatet omtalt slik:

*«Strategi for pilegrimssatsing fra 2012 fastslår at pilegrimssatsingen skal innrettes slik at den bidrar til å oppfylle sentrale målsettinger på en rekke samfunnsområder (miljø, næring, kirke og kultur.) Disse fire pilarene i pilegrimssatsingen er fortsatt viktige. Når det gjelder fremtidig visjon og målsetting er det avgjørende å se disse pilarene i lys av bærekraft, opplevelse, innovasjon og organisering. Prosjektleder med oppnevnt prosjektgruppe er ansvarlig for gjennomføring, koordinering og ferdigstilling av forslag til ny langtidsplan for pilegrimsarbeidet 2017-2037. Prosjektgruppen skal på bakgrunn av innspill fra aktører innen miljø, næring, kirke og kultur sammenfatte en langtidsplan som sendes på høyring før endelig ferdigstilling. Prosjektgruppen har et særskilt ansvar for å samkjøre langtidsplanen med NDRs vedtatte langtidsplan for 2018-2022 (2030), samt verdidokumentet for nettverket av NPS og RPS-ene av 2017».*

Saka er ei høyringsuttale til langtidsplanen som Nasjonalt Pilegrimssenter no har sendt på høyring.

**Økonomi:** Vert å kome tilbake til i sak til Utval for kultur, idrett og regional utvikling 21. mai og Fylkestinget 12.-13. juni 2019

**Klima:** Pilegrimsturisme inneber småskala reiseliv som berre i liten grad påverkar ytre miljø.

**Folkehelse:** Kystpilegrimsleia er eit friluftstilbod som stimulerer fysisk akativitet og folkehelse.

**Regional planstrategi:** Kystpilegrimsleia er forankra i regional kulturplan og i handlingsprogrammet.

#### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at Kystpilegrimsleia vert del av den statlege pilegrimssatsinga og representert med regionale senter.
2. Hordaland fylkeskommune vil ta stilling til støtte til drift av eit regionalt senter i Hordaland i sak til fylkestinget 12.-13.06. 2019.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Langtidsplan for pilegrimssatsing 2019 - 2037

**Fylkesrådmannen, 24.04.2019****1. Utkast til ny langtidsplan for pilegrimssatsinga i Noreg. Innhald og tilrådingar i den framlagde planen**

I den framlagde landtidsplanen vert det innleiingsvis vist til bakgrunn for arbeidet og det vert gjeve eit historisk tilbakeblikk over kva arbeidet med den statlege pilegrimssatsinga i Noreg så langt har omfatta. Her vert det vist til utvikling av tal pilegrimsleder over tid og korleis arbeidet har vore organisert.

Arbeidet med å legge til rette for pilegrimsvandringar starta opp i 1997. I 2010 vart det etablert regionale pilegrimssenter langs Gudbrandsdalsleden frå Oslo til Trondheim. Desse vart lagt til Oslo, Gran, Hamar, Hundorp og Dovrefjell. Nasjonalt Pilegrimssenter vart oppretta i 2013 som del av ein statleg strategi. Talet vandrarar på kortare og lengre turar langs pilegrimsleden har auka år for år, parallelt med at det har blitt etablert stadig fleire pilegrimsleder. I tillegg til Gudbrandsdalsleden, er følgjande pilegrimsleder godkjende som nasjonale St. Olavsvegar til Trondheim: St. Olavsleden, Østerdalsleden, Romboleden, Nordleden, Folloleden, Valldalsleden og Kystpilegrimsleia. I tillegg er fleire leder under utvikling (Pilegrim i Nord, Glåmdalsleden og Tunsbergleden). Kart s. 16 i høyringsutkastet viser oversikt over ledene.

Kap. 7 i høyringsutkastet omhandlar visjon og mål for den vidare pilegrimsatsinga, organisering av arbeidet, samt prioriteringar og tiltak for den neste 5-årsperioden.

Visjonen er formulert slik: *«Pilegrimsleden - en reise som berører»*.

Mål for pilegrimsatsingen vert formulert slik: *«Pilegrimsledene - St. Olavsvegane til Trondheim skal være en av de viktigste pilegrimsrutene i Europa og en kjent og aktet vandringsled i Norge»*.

I tillegg er det formulert delmål og tiltak for å ivareta den kyrkjelege forankringa, grunnlaget for bærekraftig næringsutvikling, ivaretaking av natur, kulturminne og miljø, samt å styrke St.Olavsvegane til Trondheim som norsk, nordisk og europeisk kulturarv.

Det vert vurdert som avgjerande for satsinga at ein tek vare på og bygger opp under vertskapsrolla og det lokale engasjementet. Erfaringar så langt har vist at den regionale koordineringa gjennom regionale pilegrimssenter har vore avgjerande for å kunne spreie informasjon, sikre god infrastruktur, bygge kompetanse, skape engasjement og sikre kvalitet og felles eigarskap til satsinga. Det vert også vurdert som avgjerande at Nasjonalt pilegrimsenter har ei tydeleg rolle som merkevarebyggjar og ansikt og stemme for satsinga, både nasjonalt og internasjonalt. Oppgåver som naturleg vil ligge til Nasjonalt pilegrimsenter er å utvikle felles standardar for skilting, merking og bruk av logo, samt marknadsføring og digitale tenester for turplanlegging.

Når det gjeld prioritering av pilegrimsleder, er det føreslege at Gudbrandsdalsleden og St. Olavsleden vidarefører sine regionale senter og at Kystpilegrimsleia og Borgleden opprettar slike. Dei andre ledene er godkjende leder med lokale interesser og ressursmiljø, men utan formalisert organisering og avtafestet samarbeid med NPS.

Med bakgrunn i erfaringane med å bygge opp tilbodet og drifta av Gudbrandsdalsleden, vert det føreslege ein modell med fire regionale senter langs Kystpilegrimsleia. Det vert elles vist til at Kystpilegrimsleia representerer noko nytt i vår tids pilegrimsarbeid, der ein tradisjonelt tenkjer vandringsruter, og at ei revitalisering av den historiske pilegrimsruta langs kysten vil bidra til å legge til rette for pilegrimsopplevingar for nye brukargrupper og utvide sesongen for pilegrimsreiser. Det vert også vist til at Fjord Norge og kysten er sentrale reisemål med erfarne aktørar innafor reiseliv.

Når det gjeld samarbeidspartar i den nasjonale pilegrimssatsinga vert det vist til gode erfaringar med samarbeidet mellom fylkeskommune, kommune og regionalt pilegrimssenter i dei regionane dette er gjennomført. I tillegg er kyrkjene ein sentral samarbeidspart og ein sjølvstendig innhaldsleverandør i

pilegrimsarbeidet. Nasjonalt Kyrkjeleg Pilegrimsutval er eit bindeledd mellom kyrkja og den nasjonale satsinga og ein viktig ressurs for NPS. Av andre samarbeidspartar er pilegrimsforeiningar, lag og organisasjonar sentrale, då dei legg ned ein omfattande frivillig innsats for å nå målsettingane om at pilegrimledene skal vere gode vegar å gå på og at pilegrimane skal få gode opplevingar undervegs. Andre sentrale samarbeidsaktørar er Innovasjon Norge (lokal næringsutvikling/bedriftsnettverk) og dei regionale destinasjonsselskapa (tilrettelegging av reiselivsverksmed/bookingløysingar og pakketilbod).

Kap. 8 i høyringsutkastet omhandlar ressursbehov for innretting av statleg finansiering.

Nasjonalt pilegrimsenter viser til at dei har ikkje fått auke i sine økonomiske rammer i takt med at pilegrimstrafikken som har vore i kontinuerlig vekst og det er kome til fleire godkjende leder. I finansieringsforslaget som ligg føre, er årleg driftskostnad for eit regionalt pilegrimssenter stipulert til 2 mill. kr, med ei forventning om statleg dekking på 60% (dvs. 1,2 mill. kr). Vidare er det lagt inn behov for 2 nye stillingar ved Nasjonalt Pilegrimsenter og 2 mill. kr totalt til oppfølging av leder elles som ikkje har regionale senter. Totalt sett er dette ei auke i statleg dekking av pilegrimssatsinga på omlag 11 mill. kr (frå 11,038 til 22,7 mill. kr).

## 2. Vurderingar

Fylkesrådmannen finn det positivt at Kystpilegrimsleia no har fått ein sentral plass i den nasjonale satsinga og at det er vurdert eit konkret behov for regionale senter langs Kystpilegrimsleia. Strekninga frå Egersund i sør til Trondheim i nord omfattar eit stort geografisk område og må sikrast med tilstrekkeleg infrastruktur og formidling undervegs. Her vil regionale senter ha viktige og naudsynte koordinerande funksjonar.

Kystpilegrimsleia har vore høgt prioritert i alle dei fem fylkeskommunane langs kysten og det har vore eit stort engasjement både frå kyrkja, kommunane, destinasjonsselskapa, reiselivsbedriftene og frivillige lag og organisasjonar langs kysten for å løfte fram Kystpilegrimsleia. Med godkjenning som nasjonal pilegrimsveg og Europeisk Kulturveg i 2017, og identifiseringa av 26 sentrale nøkkelstader langs leia, er det lagt eit godt grunnlag for vidare arbeid med utvikling av leia. Det står no att eit arbeid med å operasjonalisere leia, slik at leia kan presenterast som eit heilskapleg produkt for dei som vil oppleve kysten som pilegrimslei.

I 2019 arbeider prosjektet Kystpilegrimsleia med to delprosjekt:

### *Delprosjekt 1: «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase»*

Prosjektet skal finne ein inter-regional modell for finansiering, organisering og drift av Kystpilegrimsleia. I driftsmodellen skal det omtalast kva oppdrag, oppgåver, ansvar og mynde som skal leggjast til Kystpilegrimsleia og kva som skal sentraliserast til Nasjonalt Pilegrimsenter. I finansieringsmodellen skal det omtalast korleis drifta av Kystpilegrimsleia skal finansierast og kven som skal finansiere (budsjettmodell). I tillegg skal det i arbeidet veljast ut regionale pilegrimssenter langs leia. Desse vil få tildelt ansvar for eit naturleg tal nøkkelstader. Som del av arbeidet skal det også utformast forslag til langsiktige arbeidsavtalar mellom Nasjonalt Pilegrimsenter og dei einkilde regionale sentera. Avtalane skal spegle kva oppdrag, oppgåver, ansvar og mynde dei regionale pilegrimssentera skal ha, samt innehalde ein plan for drift og finansiering med årleg oppfølging med tanke på mål, resultat, statistikk m.m.

Arbeidet skal basere seg på føringar/rammer for det statlege arbeidet frå Kulturdepartementet og på den nye langstidsplanen som er forventa ferdigstilt i 2019. Prosjektlear for dette delprosjektet er tilsett ved Nasjonalt pilegrimsenter. Stillinga er finansiert av fylkeskommunane (avsette prosjektmidlar) og prosjektlear rapporterer til styringsgruppa for Kystpilegrimsleia.

### *Delprosjekt 2: «Kystpilegrimsleia fase 2» Fjord Norge*

Fjord Norge sin produktutviklingsavdeling NCE Tourism arbeidet i 2017/18, på oppdrag frå prosjektet Kystpilegrimsleia, med å utvikle Kystpilegrimsleia som reiselivsprodukt. Det er utvikla ein hovudtur som tek 11 dagar og forslag til 4 etappeturar. Det står likevel att arbeid med å følgje opp marknadssida og legge til rette vidare slik at publikum kan planlegge, tinge og gjennomføre turane. Dette vil omfatte pakking både for individuelt reisande og i form av organiserte turar. NCE Tourism har no fått i oppdrag å arbeide fram dette, i samarbeid med Nasjonalt pilegrimssenter og dei fem fylkeskommunane. Arbeidet vert finansiert av fylkeskommunane (avsette prosjektmidlar) og prosjektleiar hos NCE rapporterer til styringsgruppa for Kystpilegrimsleia.

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen vurderer det som positivt at Kystpilegrimsleia no er føreslege som ein integrert del av den nasjonale pilegrimssatsinga og at det ligg føre eit konkret forslag om å etablere regionale senter langs Kystpilegrimsleia.

Fylkesrådmannen vurderer vidare at det er godt samsvar mellom hovudtrekka som kjem fram i høyringsutkastet til langstidplanen for pilegrimssatsinga og det arbeidet som fylkeskommunane langs Kystpilegrimsleia no arbeider saman om å realisere.

Utkast til ny langtidspan for pilegrimssatsinga er lagd ved saka.